

# ERVIKSELVA KRAFT

---

11. mai 2015

Tilsvar på innkomne høyringsfråsegner i samband  
med høyringa av konsesjonssøknad for Ervikselva  
kraftverk, Førde kommune.

NVE – Konsesjons- og tilsynsavdelingen  
Postboks 5091  
0301 Oslo

Bergen/Førde 11.5.2015

**Ervikselva Kraft (EK), Førde kommune. Svar fra Ervikselva Kraft i samband med høyringsfråsegner til konsesjonssøknaden.**

**Bakgrunn**

Vi viser oversending av høyringsfråsegner til Ervikselva kraftverk samt e-post der Dykk ber om Ervikselva Kraft (EK) sine kommentarar til desse:

1. *Førde kommune*
2. *Fylkeskommunen i Sogn og Fjordane*
3. *Fylkesmannen i Sogn og Fjordane*
4. *Statens vegvesen*
5. *Sunnfjord Energi Nett AS*
6. *Sogn og Fjordane Energi AS*
7. *Sogn og Fjordane Turlag*
8. *Naturvernforbundet i S&F*

**EK sine kommentarar til dei enkelte fråsegnene:**

***Førde kommune (FK), uttale datert 18.2.2015:***

*Oppsummering Torvik kraftverk – Torvik Kraft AS og Ervikselva kraftverk – NK Småkraft AS – Førde kommune:*

1. *Konkurrerande prosjekt. Søknadane vurdert samla. Lite konfliktfylte i høve biologisk mangfold. Størst biologisk verdi er truleg knytt til bekkekløfta/ bergvegg nedstraums Avkjel-hammaren.*
2. *Mest synleg landskapselement: Torvik kraftverk, fossen ved utlaupet til Førde fjorden. Ervikselva kraftverk, inntaksområdet ved Øygardsvatnet.*
3. *Torvik Kraft AS omfattar ein grunneigar/ eigedom, Ervikselva kraft omfattar 6 grunneigarar/ eigedomar. Om Torvik Kraft får konsesjon, vil truleg fallrettane til dei 5 andre eigedomane ikkje kunne realiserast til kraftproduksjon.*
4. *Ervikselva kraftverk to alternative utbyggingar: Regulering av Øygardsvatnet med 1 meter (alternativ 1) og utan regulering (alternativ 2).*
5. *Ulik vurdering av minstevassføring for sommarhalvåret i dei to rapportane om biologiske tilhøve. NVE må vurdere om det bør krevjast auka minstevassføring på sommaren.*
6. *Samla vurdering og samfunnensnytte gjer at rådmannen tilrår at ein eventuell konsesjon, må gjevast til Ervikselva Kraftverk.*

Ervikselva Kraft (EK) :

1. Det er veldig positivt at FK ser på Ervikselva kraftverk som lite konfliktfyldt i høve til biologisk mangfold. For Ervikselva kraftverk er det ikke planlagt tekniske inngrep i bekkekløfta/bergveggen nedstraums Avkjel-hammaren, men elva vil i dette området få redusert vassføring i forhold til dagens situasjon.
2. Vi deler oppfatninga rundt kva som er den mest synlege delen av elvestrekninga, og har difor tilpassa prosjektet med kraftstasjon kote. 20 for ikke å komme i konflikt med denne fossen.
3. Som det står, vil i hovudsak kun eigarane av gnr 81 bnr 1 få falleige om Torvik kraftverk får konsesjon. Eigar av gnr 72 bnr 2 eig ein liten del av Torvik prosjektet, men i hovudsak vil dei andre 5 grunneigarane i Ervikselva vanskeleg kunna utnytta sine fallrettar på sjølvstendig basis. Dersom Ervikselva kraftverk får konsesjon vil samlege 6 grunneigarar i elva få fallrettsleige.
4. Ja, det er 2 ulike alternativ i prosjektet. Førde kommune tilrår begge alternativa slik vi oppfattar fråsegna datert 18.2.2015.
5. Vi har lagt inn minstevassføring som er tilrådd av miljøkonsulenten til Multiconsult; «*Behovet for å opprettholde en minstevannføring i Ervikselva er primært knyttet til landskap, rødlisterarter (strandsnipe), terrestrisk miljø (fossesprøytsone og bekkekløft) og akvatisk miljø (fisk og øvertebrater). Også for kulturmiljø og brukerinteresser vil minstevannføringen ha en viss positiv virkning. Miljøverdiene knyttet til Ervikselva er på de fleste områder relativt små, og den foreslår minstevannføringen på 100 l/s i sommerhalvåret og 80 l/s i vinterhalvåret, som ligger nær opptil 5-persentilverdiene, vurderes derfor som tilfredsstillende.*» Som nemnt blir det NVE sin jobb med å vurdere denne minstevassføringa, men vi meiner den er i tråd med miljøkonsekvens samst kva som er konsesjonstildelt minstevassføring i liknande prosjekt.
6. Det er svært positivt at Førde kommune ut ifrå ei samla vurdering og samfunnsnytte tilrår at ein eventuell konsesjon må gjevast til Ervikselva Kraftverk. Vi er glade for at kommunen, som den viktigaste høyringsparten, støttar prosjektet.

#### **Fylkeskommunen i Sogn og Fjordane:**

Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane handterte denne saka 25.2.2015.

1. *Ervikselva kraftverk, Førde. Fordelane ved prosjektet er vurdert til å vere større enn ulempene for allmenne og private interesser og fylkeskommunen rår til at det vert gitt løye.*
2. *Det er ein føresetnad at minstevassføringa om sommaren vert auka.*
3. *Torvik og Ervikselva er konkurrerande prosjekt. Ved val mellom desse må landskapsverdien til den nedste fossen ved fjorden bli tillagt stor vekt.*

#### **Ervikselva Kraft (EK) :**

1. Det er svært positivt at også Fylkeskommunen i Sogn og Fjordane (FK) tilrår kraftprosjektet etter omsøkte alternativ.
2. Vi viser til kommentarar nr 5 til Førde kommune.
3. Vi viser til kommentar nr 2 til Førde kommune, og viser igjen til at den nedste fossen ved fjorden ikkje er teke med i Ervikselva kraftverk.

#### **Fylkesmannen i Sogn og Fjordane:**

## **Konklusjon:**

1. *Vi vil heller ikkje rå frå at det vert realisert eit utbyggingsprosjekt i Ervikselva, under føresetnad av at den nedste fossen mot fjorden ikkje inngår i prosjektet.*
2. *Ervikselva kraftverk og Torvik kraftverk vil råke ei fossesprøytsone med tilhøyrande bekkekloft med bergvegg, og dei vil påverke vasstilknytte artar som fossekall, strandsnipe og oter negativt.*
3. *Verdien av naturtypelokalitetane er i begge miljøutgreiingane sett til C (lokalt viktig), noko som dels skuldast manglar knytt til felter arbeid sein på året og tilhøyrande vanskeleg tilkomst til delar av området på grunn av stor vassføring.*
4. *Miljørapporten for Torvik kraftverk er likevel av god kvalitet, og med dei etterhald som er tatt der er det ikkje urimeleg at verdisettinga er rett.*
5. *Vidare vil begge utbyggingane påverke landskapet og lokale friluftsinteresser, men dette gjeld særleg på det flate og opne partiet ved Fengestad og fossen nedst mot sjøen.*
6. *Begge kraftverka har estimert kraftproduksjon som er vanleg for småkraftverk, men Ervikselva kraftverk har klart høgast energievinst. Begge dei to utbyggingane vil vere økonomisk gunstige.*
7. *Fylkesmannen vil ikkje rå frå at det vert opna for kraftutbygging i vassdraget, men vil vi sterkt rå til at utbygginga skjer med kraftstasjonsavlaup som for Ervikselva kraftverk. Inntaket bør etter vår vurdering vere som for Torvik kraftverk. Etter vår vurdering bør også minstevassføringa vert auka noko.*

## **Ervikselva Kraft (EK) :**

1. Det er positivt at FM skriv i oppsummeringa (s.1 i oversendinga 6.3.2015); at dei ikkje vil rå i frå at det vert realisert ei utbygging i Ervikselva, så lenge den nedste fossen ikkje inngår i prosjektet.
2. Ja, som omtala tidlegare vil bekkekloft/bergvegg og dei andre vasstilknytta organismane få redusert vassføring, men det er lagt til grunn ei minstevassføring tilsvarende 5 persentilen som vil avbøte desse verdiane. Det er ikkje planlagt tekniske inngrep i bekkeklofta/bergvegg for Ervikselva kraftverk.
3. Vi er usikre på om ei registrering på eit anna tidspunkt på året hadde medført ei anna verdisetting, men lar det være opp til NVE å vurdere dette.
4. Ok.
5. Vi har som tidlegare nemnt bevisst halde fossen nedst mot sjøen utanfor prosjektet. Når det gjeld området ved Fengestad er vi litt usikre på kva FM legg i av konsekvensar for landskap og friluftsliv, men dette kan vi diskutere nærmare på synfaringa med NVE.
6. Ja, som Førde kommune skriv; «*Samla vurdering og samfunnsnytte gjer at rådmannen tilrår at ein eventuell konsesjon, må gjevast til Ervikselva Kraftverk*»
7. OK. Det viktigaste er uansett at FM ikkje vil gå i mot Ervikselva kraftverk så lenge prosjektet ikkje går inn i den nedste fossen (kommentar nr 1).

## **Statens vegvesen:**

- 1. Nærføring av kablar. Etter veglova § 32 og § 57 skal ingen føre kablar, leidningar eller anna utstyr over-, under-, langs- eller nærmere offentlig vei enn 3 meter frå veggkant utan løyve. Søknad om løyve til slike tiltak over, under eller langs riks- og fylkesveg skal i kvart høve sendast til Statens vegvesen.*
- 2. Byggjegrense til veg. Byggjegrense fastsett i reguleringsplan gjeld for alle byggverk som til dømes transformatorstasjonar, massedeponi, riggområder og oppstillingsplassar med vidare. Der det ikkje fins reguleringsplan gjelder Rammeplanen for avkøyrsler og byggjegrenser på riks- og fylkesvegar i Region vest, sjå vedlegg. For tiltak innafor byggjegrense til veg som ikkje er fastsett i reguleringsplan, må det søkast om dispensasjon frå Statens vegvesen, søknadsskjema finn de på [www.vegvesen.no](http://www.vegvesen.no) -skjemaer - søknad om avkjørsel eller dispensasjon frå byggegrense.*
- 3. Avkøyrsler. Der det vert behov for ny vegtilkomst langs riks- og fylkesvegar som ikkje er vist i reguleringsplan, utvida bruk av eksisterande avkøyrsle eller mellombels avkøyrsle, må det søkjast Statens vegvesen. Avkøyrsle må utformast i samsvar med handbok N100 Veg- og gateutforming og handbok VI2I Geometrisk utforming av veg- og gatekryss, desse finn de på [www.vegvesen.no](http://www.vegvesen.no) - fag - håndbøker.*

Ervikselva Kraft (EK):

1-3. OK. Før EK startar opp med detaljplanarbeidet blir det naturleg å gjennomføre eit møte med vegvesenet om dette slik at nødvendige søknadar blir innsendt.

**Sunnfjord Energi Nett (SEN):**

- 1. Nettsituasjonen for kraftverka på sørsida av Førdefjorden: Det er ikkje nettkapasitet til nye kraftverk i dette området....Eit eller fleire kraftverk ....vil utløyse store nettforsterkningar.*
- 2. Samla sett utgjer desse ein installert effekt på om lag 15 MW*
- 3. Totalkostnadane for å knyte til kraftverk på sørsida av Førdefjorden vert då berekna til om lag 58,5 millionar kroner.*

Ervikselva Kraft (EK) :

- Vi var i kontakt med SEN før innsending av konsesjonssøknad til NVE. Vi vart gjennom brev frå SEN datert 19.12.2012, konsesjonssøknad vedlegg 7, gjort kjend med at det var flaskehalsar i nettområdet for Ervikselva kraftverk. Opplysningane for anleggsbidrag var i storrelsesorden 3,9 MNOK pr MW er ny informasjon rundt dette.
- Ok.
- Dette er svært høge investeringar for både Ervikselva og dei andre prosjekta. Vi foreslår at SEN og dei andre småkraftverka gjennomfører eit møte om dette slik at dei aktuelle prosjekta får meir detaljinformasjon enn det som har blitt gjeve ut så langt.

**Sogn og Fjordane Energi (SFE):**

*Konsesjon for nemnde 420 kv linja med transformatorstasjonar mellom anna i Moskog og i Ålfoten-området er stadfesta av OED og bygging anlegget er i gang. Nødvendige tiltak i sentralnettet var planlagt gjennomført i løpet av 2015. Nyaste informasjon om framdrift tilseier at tilkoplingsstoppen truleg kan opphevast i 2016.*

### Ervikselva Kraft (EK) :

Anlegget vil tidlegast kunne stå ferdig i 2017 så dette vil ikkje, slik vi vurderer det, være ei utfordring for Ervikselva kraftverk.

### **Sogn og Fjordane turlag (SFT):**

1. *Ervik: Her er utløpet frå kraftstasjonen planlagt på kote 20, slik at heile fossen ned mot fjorden kan oppretthalde den naturlege vassføringa også etter ei eventuell utbygging. På dette punktet er Ervik-utbygginga klårt betre enn Torvik-utbygginga!*
2. *I den andre enden av utbyggingsstrekninga er derimot særleg Alternativ 1 (hovudalternativet) av Ervik-utbygginga klårt mykje dårlegare enn Torvik-alternativet. Ei regulering av Øygardsvatnet 90 cm opp og 10 cm ned vil bli svært skjemmande. Ein auke av arealet ved neddemming av ca. 5.000 m<sup>2</sup>, er mykje i eit så pass lite vatn som Øygardsvatnet. Av Figur 9 på side 14 i konsesjonssøknaden ser vi at mellom anna ein del dyrka mark på austsida av vatnet vil gå med. På vestsida ser vi at det vil bli særleg ille i den sørlegaste av dei to buktene i vatnet. Men heile strandlinja rundt vatnet vil få ei smal eller brei "sørgjerand" som følge av reguleringa. Som det går klårt fram av Figur 9, vil denne "sørgjeranda" bli svært godt synleg frå den ganske mykje trafikkerte fylkesvegen som går langs store delar av vatnet. Dette blir negativt! Av omsyn til landskap, fisk m.m. er det vårt klåre syn at Alternativ 1 er så negativt at det ikkje er akseptabelt. Det bør ikkje få konsesjon! Viss NVE vurderer å gje konsesjon til Ervik, ber vi om at Alternativ 2, utan regulering av Øygardsvatnet, vert valt.*
3. *Samandrag av Turlaget sitt syn på utbygginga: Konfliktane med friluftsliv er ikkje så store for nokon av dei 2 utbyggingsane at det gir oss gode nok grunnar til å gå mot utbygging. For Torvik er den sterkt reduserte vassføringa i fossen ned mot sjøen negativ. Kraftstasjonen bør flyttast høgre opp slik at avløpsvatnet kan sleppast ut i elva ovanfor fossen. For Ervik går vi mot utbyggingsalternativ 1 med regulering av Øygardsvatnet og "skvalpekøyring". Begge utbyggingsane har positive og negative sider på miljøsida, men ettersom konfliktane med friluftslivet er så pass små for begge, vil vi ikkje kome med ei rangering av utbyggingsane. Dette vil vi overlate til NVE sine fagfolk.*

### Ervikselva Kraft (EK):

1. Vi viser til tidlegare kommentar nr. 1 til Fylkesmannen i S&F, og synest det er positivt at SFT også ser positivt på tilpassinga til fossen i høve til kraftstasjonsplasseringa for Ervikselva kraftverk.
2. Vi meiner landskapsinngrepet i høve til alternativt 1 vil være akseptabelt og vil gjerne vise dette meir detaljert på NVE si sluttsynfaring. Vi legg til at vatnet frå gammalt av har vært tenkt regulert for kraftformål, då det førelegg avtale frå 1906 mellom grunneigarane om slikt.
3. Vi sett pris på SFT ikkje går i mot Ervikselva kraftverk på bakgrunn av oppsummeringa i si fråsegn.

### **Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane (NSF):**

*Bekkekløfta (truleg nær naturtypen fosseberg og fosseenger, nær truga) taler for å avslå begge søknadene. Dersom valet står mellom Torvik og Ervikselva, er vår klare tilråding å gje løyve til Torvik, som råkar eit langt mindre areal, og så heve kravet til minstevassføring mellom inntaket og kraftstasjonen, og i fossen ned mot sjøen.*

Ervikselva Kraft (EK):

Vi merkar oss at NSF, som einaste høyringsspart, tilrår å avslå begge søknadane. Vi er sjølvsagt ueinige i denne konklusjonen og viser til blant anna fråsegna frå Førde kommune om at ut ifrå ei samla vurdering, med vektlegging av at nedste del av fossen ikkje er teke med og at samtlege grunneigarar i Ervikselva får nytta sine fallrettar og at utbyggjing av det samla fallet gjer størst samfunnsnytte, tilrår at ein eventuell konsesjon må gjevast til Ervikselva Kraftverk. Vidare har heller ikkje «miljøfaginnstansen» Fylkesmannen i S&F eller S&F turlagt gått i mot Ervikselva kraftverk.

### **Oppsummering/Avsluttande kommentarar**

Vi registrerer at både kommunen og fylkeskommunen er positive til tiltaket samt at verken Fylkesmannen eller turlaget (alt 2) ikkje går i mot prosjektet.

Vi opplev også å få gode tilbakemeldingar på at anlegget er planlagt i tråd med ålmenne interesser.

Vi ser fram til sluttsynfaringa med NVE og ønskjer å oppklare vidare rundt prosjektet i terrenget.

**På bakgrunn av dette tilrår vi NVE å gå inn for konsesjon på Ervikselva Kraftverk – til liks med Førde kommune og Fylkeskommunen i Sogn og Fjordane.**

På vegne av grunneigarane i Ervikselva Kraft og NK Småkraft AS,  
vennleg helsing

Bård Moberg